

Norges Bygdekvinnelag

Arbeidsplan | Nynorsk | 2023-2024



Visste du at

Norges Bygdekvinnelag er akkreditert som rådgjevande organisasjon for UNESCO?

...



Det betyr at arbeidet som blir gjort av Bygdekvinne for å overføre kunnskap om mattradisjonar er på verdsarvlista.

...



Vi gjer eit viktig arbeid med å ta vare på matkultur som immateriell kulturarv.

Det er verkeleg noko å vere stolt av!





Norges Bygdekvinnelags arbeidsplan for 2023-2024

Norges Bygdekvinnelag er ein landsomfattande organisasjon med 12 000 medlemmar, 430 lokallag, 18 distriktslag og eit nasjonalt sentrallidd. Vi har mange aktive og sterke lokallag i heile landet. Vi er inspirator og pådrivar for gode kvinneliv og trygge og aktive lokalmiljø. Vi er gode på matkultur og vi står for eit ope og inkluderande fellesskap.

Bygdekvinnelaget sin arbeidsplan vart vedteke på Landsmøtet, og gjeld for heile organisasjonen. Arbeidsplanen gir tips, idear og føringar for lokallag, distriktslag og sentrallidd når ein planlegg aktivitetar og lagar årsplanar. Ingen lag kan gjere alt, og aktivitetane må tilpassast lokale ønskjer og behov, men saman er vi alle med på å bidra til å nå dei overordna måla for organisasjonen.

Bygdekvinnelaget - ein møteplass for aktive kvinner

— visjon

Strategi, politisk plattform, vedtekter og arbeidsplan seier noko om kven bygdekvinnelaget er, korleis vi organiserer oss og kva saker vi ønsker å arbeide for. Føremålsparagrafen i vedtektene er den viktigaste rettesnora for all aktivitet.

BYGDEKVINNELAGETS STYRKER OG IDENTITET

- 1 Vi har aktive og sterke lokallag i heile landet
- 2 Vi er eit samlingspunkt og står for eit ope og inkluderande fellesskap
- 3 Vi er inspirator og pådrivar for likestilling, folkehelse og aktive lokalmiljø
- 4 Vi er tradisjonsberar og ekspertar på matkultur, vidarefører og skaper nye
- 5 Vi formidlar viktigheita av norsk matproduksjon for matsikkerhet, beredskap, og førebygging av matsvinn, levende bygder, kulturlandskap og berekraftig forvaltning av ressursane på jorda
- 6 Vi er rause med kvarandre
- 7 Vi torer å satse og får ting gjort

Fra strategi mot 2026

FØREMÅLET MED ORGANISASJONEN

Lagets formål er å samle kvinner som ser meininga i aktive bygdemiljø og primærnæringane. Norges Bygdekvinnelag er ein partipolitisk nøytral organisasjon som skal ivareta kulturelle, sosiale og økonomiske interesser for kvinnene og bygdefolket, og bygge på likeverd, demokrati og kristen kulturarv.

MÅL


Arbeidsplanen bygger på de fire overordna måla som er omtala i strategien:

Vi gjer ein forskjell i bygda

Vi blir sett og høyr

Vi opnar og inkluderer

Vi er ein sterk organisasjon





Vi gjer ein forskjell i bygda

Bygdekvinnelaget er ein samfunnsaktør som skapar attraktive møteplassar, og engasjerer oss i lokale samfunnsspørsmål. Vi berer tradisjonar vidare, samstundes som vi tenkjer nytt.

Satsingsområde

1. Fleire lokallag har meir aktivitet, til nytte for laget og lokalmiljøet
2. Utnytte styrken i fellesskapet og spele saman om felles satsingar

Norges Bygdekvinnelag har mange lokallag, med store variasjonar mellom laga. Når laga satsar på aktivitetar, vil både talet på medlemmar og aktivitetsnivå auke. Lag kan få ekstra giv av samarbeid med andre bygdekvinnelag og andre organisasjonar.

Tiltak

LOKALLAGA:


- har aktivitetar som når menneske med ulik alder, bakgrunn og interesser.
- har aktivitetar saman med andre organisasjonar og aktørar i bygda
- samarbeider med bygdekvinnelag i nærleiken
- samarbeider med andre lag og foreiningar for å utveksle erfaringar, kompetanse og ha arrangement saman.

DISTRIKTLAGA:

- har jamleg kontakt med sine lokallag, motiverer og engasjerer lokallaga
- har samlingar, kurs og organisasjonsopplæring for lokallaga
- undersøker moglegheiter for prosjektmidlar til distriktslaget og lokallaga

NORGES BYGDEKVINNELAG:

- kårar «Årets lokallag» for å synleggjere aktiviteten i lokallaga
- søker prosjektmidlar for felles satsingar i organisasjonen
- gir ut medlemsbladet Bygdekvinner minst to gongar årleg
- sender ut lokallagssending med informasjon om kva som skjer i organisasjonen
- sender ut digitalt nyhendebrev
- sender ut e-post med helsing og informasjon til alle medlemmer





KLASSIKERE
NORSK FJELLBRØD



Bakehuset

Mesterbakeren
HÅNDVERK



FRØ- & KJERNEBRØD

BAKT MED HONNING, SÜRDEIG,
SESAMFRØ OG KJERNER



Nettvekt: 750 g

ALLE S

SETER




SETERBRØD

Vi blir sett og høyr

Vi er synlege gjennom aktivitetar som er tilgjengeleg for alle, og vi er synlege og tydelege for dei som tek avgjersler lokalt, nasjonalt og globalt. Vi er også synlege i samarbeid med andre organisasjonar. Vi aukar vår eige medvite, rolle og makt som forbrukarorganisasjon.

Satsingsområde

1. Auke talet på lokallag som brukar egne nettsider og er til stade på sosiale media
2. Invitere med andre organisasjonar på aktivitetar, og takke ja til fleire invitasjonar



Tiltak

LOKALLAGA:

- gjer seg synlege med Bygdekvinnelegsmateriell der vi arrangerer eller deltek
- brukar egne nettsider, Facebook og Instagram for å synleggjere og invitere til aktivitetar
- sender lesarinnlegg frå sentralledet vidare til lokalavisa
- samarbeider med andre lokallag for å utveksle erfaringar i bruk av nettsider og sosiale media
- gjer Bygdekvinnelegget sitt engasjement kjent i kommunen gjennom kontakt med politikarar og administrasjon
- deltek i ulike komitéar i kommunen

DISTRIKTLAGA:

- samarbeider med andre frivillige lag og organisasjonar
- tar opp organisasjonen sine aktuelle politiske saker på styremøta
- sender lesarinnlegg frå sentralledet vidare til aviser i områder der det ikkje er lokallag
- oppmuntrar og hjelper lokallaga til å opprette og bruke egne nettsider

NORGES BYGDEKVINNELAG:

- nettsidekurs, råd og rettleiing til distriktslag og lokallag
- sender ut forslag til lesarinnlegg knytt til aktuelle tema i løpet av året
- inviterer til digitale temamøte
- markerer Norges Bygdekvinneleggs politiske standpunkt overfor nasjonale myndigheiter
- brukar kommune- og stortingsval, og årlege aksjonar for å markere organisasjonen sine saker




Vi opnar og inkluderer

Medlemmane speglar mangfaldet i lokalsamfunnet og det syner seg i aktivitetane, engasjementet og alderssamansetninga. Vi er nysgjerrige og søker kunnskap på tvers av alder, bakgrunn og interesseområde. Lokallaga er eit inkluderande fellesskap det er lett å bli ein del av.

Satsingsområde

1. Tiltrekke oss medlemmar med ulik alder og bakgrunn
2. Tillitsvalde skal representere variasjonen blant medlemmane



Tiltak

LOKALLAGA:

- er medvitne på korleis vi møter nye medlemmer og ønsker dei velkomne
- er opne for nye idear og andre måtar å gjere ting på
- inkluderer og inviterer til opne møter
- informerer om laget og kvifor bli medlem på opne arrangement
- brukar medlemsregisteret aktivt for å ha oversikt over og kontakt med medlemmane i laget
- har ulike møtestader og møtedagar for møta
- har verveaktivitet i veke 5, 6 og 7
- har aktivitet under Bygdekvinneuka
- synleggjer mangfaldet i organisasjonen i bruk av blider og tekst på nettsider og i all anna kommunikasjon
- jobbar for å setje saman eit styre med styremedlemmar med ulik alder og bakgrunn
- har ein med ansvar for inkludering og mangfald i lokallagsstyret

DISTRIKTLAGA:

- er med å markere Bygdekvinneuka og vervekeke
- lager ein arbeidsplan for verving
- synleggjere mangfald og inkludering i bruk av bilder og tekst
- ha ein med ansvar for arbeidet med inkludering og mangfald kvart distriktslag for å støtte og følge opp arbeidet med inkludering og mangfald i lokallaga
- jobbar for å få styremedlemmer med eit breitt spenn i alder og bakgrunn

NORGES BYGDEKVINNELAG:

- syner mangfald og inkludering gjennom måten vi kommuniserer på
- Informasjon om aktuelle støtteordningar til arbeid med inkludering og mangfald i distrikts- og lokallaga
- jobbar for å få styremedlemmer med eit breitt spenn i alder og bakgrunn




Vi er ein sterk organisasjon

Vi har fått mange nye lokallag over heile landet og vi har tydelege og dyktige tillitsvalde med kunnskap, lyst og evne til fornying og utvikling av organisasjonen. Det er gjevande og positivt å ta på seg verv.

Satsingsområde

1. Etablere fleire nye lokallag
2. Få med fleire tillitsvalde i organisasjonsopplæringa, og styrke samarbeidet i organisasjonen.



Tiltak

LOKALLAGA:


- tar i bruk organisasjonsskolen i opplæring av tillitsvalde
- delegerer oppgåver og let nye medlemmer ta ansvar for saker dei er engasjert i
- har god rutine for overlapping for å skape kontinuitet i laget

DISTRIKTLAGA:

- motiverer til oppstart av nye lokallag
- har ein plan for opplæring av nye tillitsvalde
- tek i bruk organisasjonsskolen i opplæring av tillitsvalde
- jobbar for å ha god økonomi i laget, og nyttar ordningar som momskompensasjon, Studieforbundet, prosjekt i Norges Bygdekvinnelag og lokale støtteordningar

NORGES BYGDEKVINNELAG:

- gjev økonomisk støtte og hjelp til oppstart av nye lag
- inviterer til temamøter som er opne for alle
- inviterer tillitsvalde i distriktslaget til digitale møter
- arrangerer organisasjonskurs for tillitsvalde i distriktslaga
- arrangerer inspirasjonsseminar for medlemmane i 2023
- Jobbar for sentrale aktivitetar i heile landet



Døme på aktivitetsplan for lokallag

Alle lokallag og distriktslag lagar egne arbeidsplanar der dei skriv ned kva dei ønskjer å jobbe med det neste året. Arbeidsplanen er nyttige reiskap for å prioritere oppgåver og aktivitetar, og for å sørge for at medlemmane vert inkludert i planlegginga til laget.

Her er to døme på korleis ein arbeidsplan i eit lokallag kan sjå ut. Det kan også være lurt å fordele ansvar for planlegging og gjennomføring av de ulike aktivitetane og oppgåvene. Om ein delar på oppgåvene og alle bidreg litt, vert det kjekkare for alle å ta på seg oppgåver i laget.

Døme 1

JANUAR

Lokallagsmøte. Servering av byggrynsgraut.

**Norges Bygdekvinnelag jobbar for å auke bruken av bygg til mat.*

FEBRUAR

Vi inviterer til ope møte i Bygdekvinnelaget. På møtet fortel vi litt om kva vi jobbar med i Bygdekvinnelaget og kva aktivitetar vi har planlagt og kva du kan få som medlem.

Det blir prat og servering av kveldsmat etter møtet.

MARS

Temakveld: «Kvinnehelse — et likestillingsprosjekt»

Vi markerer kvinnedagen 8. mars saman med Frivillighetssentralen, kommunen og Røde Kors.

MAI

Måneskinstur. Ta med varm drikke og sitjeunderlag til bålprat.

JUNI

Lokallagsmøte og sommaravslutning.

AUGUST

Bygdekvinneuka. Vi inviterer til ope arrangement der vi lagar «Mat frå alle verdas

hjørner» og blir kjent.

**Ha arrangement saman med andre som jobbar for å inkludere minoritetskvinner. I mange kommunar er vaksenopplæringa, biblioteket og frivillighetssentralen gode arenaer for å bli kjent og etablere kontakt med nye landskvinner.*

OKTOBER

Årsmøte i lokallaget.
Årsmøteforedrag om jordvern.

DESEMBER

Juletreffest. Sal av kaffi og kaker til inntekt for laget.
Ope arrangement.

Døme 2

JANUAR

Ope møte om berekraftige val av matvarer. Vi inviterer ein ernærings ekspert som kan gje oss enkle tips til sunne og gode oppskrifter.

FEBRUAR

Lokallagsmøte. På møtet går vi gjennom lokallagsutsendinga. Vi snurrar vervefilm fra organisasjonsskolen og diskuterer kva vi kan gjere for å få med fleire i laget.

Verveaksjon i uke 5–7. Vi inviterer til aktivitetar for å få nye medlemmar.

MARS

Lokallagsmøte og organisasjonskurs. Vi brukar Norges Bygdekvinne lag sin «organisasjonsskolen».

Saman med husflidslaget møtast vi for kaffi, lapping og stopping av kle. Om du aldri har prøvd før, så får du hjelp. Ta med nål og tråd.

Vi inviterer til kurs i surdeigsbakst. Kr. 100,- for medlemmar og kr 200,- for ikkje-medlemmar.

** Send studieplan til Studieforbundet kultur og tradisjon og få vaksenopp-læringsmidlar. Kurset må ha godkjent studieplan, minst 4 deltakarar og vare i minst 4 timer.*

APRIL

Lokallagsmøte på zoom. Kurs i nettsider og sosiale media. Kurshaldar fra administrasjonen i Norges Bygdekvinne lag.

MAI

Vi arrangerer kurs i dyrking av grønnsaker i eigen hage saman med naturvernforbundet, bondelaget og turlaget. Ope for alle.

**Ha opne arrangement saman med andre lokale lag og foreiningar slik at arrangementet kan famne mange med ulike interesser. Ha aktivitetar som kan vere moro for både barn, vaksne og eldre. Legg ned ein innsats for å få med innvandrarar, einslege og familiar. Møteplassar for alle, der alle kjenner seg inkludert, er med på å skape eit sosialt fellesskap og eit godt liv på bygda.*

JUNI

Lokallagsmøte. Sommartur til sommarhalvøya. Ta med kle som passar til båttur, badstue og piknik.

AUGUST

Bygdekvinneuka. Vi viser oss fram på stand, og inviterer lokallagspolitikarar og andre, til å komme å besøke standen for å diskutere kva som er viktig for gode liv i levande bygder.

**I 2023 er det kommunestyre- og fylkestingsval. Bygdekvinnelaget har ein eigen politisk plattform med felles politiske saker for organisasjonen. Kva med å spørje lokalpolitikarane kva dei meiner om viktige saker for Bygdekvinnelaget.*

SEPTEMBER

Kurs i tradisjonsmat. Vaksne og barn lagar mat saman. Vi snakkar om kva som er berekraftig mat. Vi inviterer lokalavisa.

**Norges Bygdekvinne lag har hatt fleire prosjekt som handlar om barn og mat. I heftet Tradisjonsmatskolen finn du tips til korleis arrangere kurs for barn og vaksne.*

OKTOBER

Årsmøte i lokallaget. Hausttakkefest.

NOVEMBER

Lokallagsmøte. Vi inviterer til foredrag om Guatemala og Bygdekvinne laget sitt engasjement for kvinner sine kår i Guatemala.

**Vil ditt lag samle inn pengar til kvinnene i Guatemala? Vi har et eige konto-nummer der privatpersonar og laget kan sette inn pengar: 9365 18 67841*

DESEMBER

Vi lagar julekaker saman. Før møtet sender vi ein spesiell invitasjon til minoritetskvinner og innflyttarar til bygda. Laget serverer gløgg og rundstykke.

**Norges Bygdekvinne lag arbeider aktivt for å vere ein open og inkluderande organisasjon. For å lukkast i arbeidet må ein snakke om korleis ein kan inkludere og invitere innflyttarar, minoritetskvinner og andre inn i organisasjonen — så må ein ta grep.*

Tips!

Sjekk ut Bygdekvinnelaget si bok «Tradisjonsmatkolen». Her står det om mattradisjonar som kulturarv, UNESCO og tips til gjennomføring av matkurs.

Følg andre distrikts- og lokallag på Facebook! Mange lag har gode aktivitetar som kan vere til inspirasjon.

Bruk politisk plattform når du skriv lesarinnlegg eller har møte med politikarar. Her står det om tema som skulemat, gjenbruk, inkludering, jordvern og eit likestilt arbeidsliv. På nettsidene ligg det massevis av tips om politisk påverknad og lesarinnlegg.

Vil de ha nettsidekurs? Administrasjonen held gjerne kurs i nettsider og sosiale media.

Alle medlemmar i bygdekvinnelaget kan kontakte juridisk hjelpetelefon og få ein time gratis førstehands-konsultasjon. Det kan vere saker om kva rettar ein har i samband med skifte, vald eller seksuelle overgrep, skilsmisse m.m.



Norges Bygdekvinnelag arbeider målretta for å vere ein mangfaldig organisasjon. Mangfald bidreg til nye idear, fleire aktivitetar og gjer organisasjonen meir bærekraftig.



Foto: Sana Bygdekvinnelag

Visste du at

Norges Bygdekvinnelag samarbeider med Utviklingsfondet for å betre kvinner sine kår i Guatemala. På nettsidene ligger tilbod om foredrag, oppskrifter og idear til arrangement.

Lurer du på korleis du kan få pengar til kurs? Vi er medlem i Studieforbundet kultur og tradisjon. Meld inn ditt kurs og få tilbake pengar til aktivitet. Ta gjerne direkte kontakt med dei hjelpsame tilsette i Skjåk på telefon: 61 21 77 50

Gjennom bygdekvinnelagets medlemsregister kan ein sende e-post og SMS til alle medlemmer i sitt lokallag. I medlemsregisteret har de full oversikt over medlemmene og kan følgje med på medlemsutvikling og skrive ut medlemslister. Har du spørsmål om registeret? Ta kontakt med administrasjonen på telefon: 22 05 48 15

I «organisasjonsskolen» kan lokallaga velje små og store tema ein vil lære meir om. Kva med å finne fram organisasjonsskolen på neste lokallagsmøte for å sjekke ut materialet om rekneskap, verving, eller styrearbeid.

Forsidefoto: Øyvind Strand Endal
Besøksadresse: Hollendergata 5, 3. etasje
Postadresse.: Postboks 9358 Grønland, 0135 Oslo
Telefon: 22 05 48 15
E-post: post@bygdekvinnelaget.no
Nettside: www.bygdekvinnelaget.no

Årshjul

kalender

Januar	Lokallagsutsending
Februar	Verveker i veke 5, 6 og 7
April	Distriktsleiarsamling
Juni	Send inn søknad om momskompensasjon
Juni 2024	Landsmøte
August	Lokallagsutsending
September 2023	Kommune- og fylkestingsval
November 2023	Inspirasjonsseminar
Desember	Innlevering av årsrapport for lokallaget

merkedager

8. mars	Kvinnedagen
25. mars	Den store vaffeldagen
7. april	Verdas helsedag
1. juni	Verdas mjølkedag
5. juni	Verdas miljødag
Siste tysdag i september	Den norske epledagen
Siste torsdag i september	Fårikålen sin festdag
15. oktober	Den internasjonale bygdekvinnedagen
16. oktober	Verdas matvaredag
23. oktober	Grautdagen
25. november	Den internasjonale dagen for å avskaffe vald mot kvinner og barn



Bygdekvinnelagets etiske kjøreregler

Vi skal respektere kvarandre

Vi skal vere opne og ærlege

Vi skal vise engasjement

Vi skal vere lojale mot avtalar og avgjersler

Vi skal skape trivsel, stoltheit og glede